

UTMARKv/Gamle 3 Hus AS
Bellgården 1
5003 BergenE-post: post@utmark-arkitektur.no

Org nr: 994 377 205

Statens vegvesen region vest
v/ Tone Bøyum
Postboks 43
6863 Leikanger

Bergen, 16.08.17

135/1, Smedholmen**Vurdering av behov for Vegvesenets godkjenning**

I samband med omsøkt bruksendring frå fritidsføremål til næring og etablering av serveringsstad på Smedholmen i Alversund er både Lindås kommune og ansvarleg søkar usikre på korvidt vi treng Vegvesenets godkjenning av auka bruk av avkøyrsla.


Smedholmen har berre tilkomst med båt, men i samband med arrangement har Solholmen Invest AS fått løyve til å disponere ein privateigd parkeringsplass som ligg like ved den kommunale kaia (sjå vedlagt erklæring). Som de kan sjå av det vedlagte situasjonskartet, har denne parkeringsplassen tilkomst frå kommunal veg. Avkøyrsla vi eventuelt treng godkjenning for å bruke er frå kommunal veg og ut i fylkesveg.

Solholmen Invest AS vil etablere ein serveringsstad som primært rettar seg mot private arrangement som bryllaup og firmasamlingar. Dei ønskjer å vere ein lokal kulturarena som arrangerer konsertar og utstillingar. På etterspurnad vil dei tilby opplevingar og overnatting til high-end-turistar. I tillegg ønskjer dei å vere eit serveringstilbod til dei lokale og båtreisande, då holmen ligg i den gamle hovudleia. Dei vil samarbeide med mellom anna den gamle selskapsbåten M/Y Faun og andre sjøtransporttilbod frå Bergen, og majoriteten av gjestane deira vil komme sjøvegen frå meir sentrale strom. Det vil til dømes bli sett opp båt frå Bergen i samband med konsert. Bilistar kan nytte den nemnte parkeringsplassen og bli frakta i båt frå den kommunale kaia like nedanfor. Ved større overnattingsbehov har Solholmen Invest AS avtale med overnattingsstader i Alversund, i gangavstand til den kommunale kaia.

Dette tiltaket vil føre til noko auka trafikal belastning på avkøyrsla, men som nemnt vil hovudtrafikken komme sjøvegen. I samband med konsertar og offentlege arrangement vil det kunne bli aktuelt med noko busstransport, men parkeringsplassen vil truleg primært nyttast av privatbilistar. Den maksimale publikumskapasiteten på holmen er 150 gjestar.

Vi ber dykk vurdere korvidt denne auka bruken av avkøyrsla er søknadspliktig og ser fram til eit snarleg svar.

Med venleg helsing



Helge Samuelsen,

Gamle3hus / Utmark arkitektur